

Årsrapport hjort – 2025:



Samnanger
kommune

Overordna forvaltningsmål


Kommunen har formelt ikkje fastsett forvaltningsmål som dei no arbeider med å få på plass med det fyrste. Den kommunale forvaltninga dei seinare åra har vore gjort utifrå å fylgje dei overordna forvaltningsmåla i nabokommunen Bjørnafjorden - [Hjorteviltstrategi Bjørnafjorden kommune - 2023 - 2033](#)

Dei overordna forvaltningsmåla som er fastsett der er :

- Hjortepopulasjonen skal reduserast
- Forbetre kjønnsfordelinga med meir vaksne hanndyr i høve hodyr – Sett kolle per bukk < 1,5
- Auke gjennomsnittlege slaktevekte for dei ulike årsklassane

Avskyting og populasjonssutvikling 2011 – 2025:

Tildelte og felte hjort i perioden




Figur 1 viser tildelte fellingsløyve og tal felte hjort på venstre akse og fellingsprosent på høgre.

Både tildeling av fellingsløyve og avskytinga har auka ein god del dei siste åra. Avskytinga har ikkje heilt klart å fylgje auken i tildelingar slik at fellingsprosenten har gått noko ned. Tildelinga for 2025 var redusert litt og fellingstalet gjekk og litt ned frå 243 felte i 2024 til 237 i 2025.




Andel kalv og ungdyr i jaktuttaket



Figur 2 viser kor stor del kalv og ungdyr har utgjort i % av det samla jaktuttaket.

Kalv har utgjort ein aukande del av jaktuttaket dei seinare åra og har for dei 3 siste åra utgjort 28,6 % av det totale jaktuttaket som er like under målet om minst 30 %. Fjorkolle auka til 21 % av det samla uttaket siste året og for de 3 siste åra har det då utgjort 17,3 % som er like under målet om at det skal utgjere 18 – 20 % av jaktuttaket. Det vart felt ein mindre del spissbukk siste året (15 %) og gjsn for siste 3 år er 16, 2 % og nærmar seg målet om at det skal utgjere maksimalt 15 %.

Eldre dyr i jaktuttaket




Figur 3 viser andelen eldre dyr i jaktuttaket i % av samla jaktuttak.

For eldre dyr så har avskytingsplanen i forvaltningsstrategien mål om at eldre hodyr skal utgjere over 25 % og eldre hanndyr mindre enn 12 % av det totale jaktuttaket. Eldre hodyr har utgjort ein aukande del av jaktuttaket og eldre hanndyr ein minkande del dei siste åra så utviklinga har vore positiv i høve



måla. Siste året utgjorde eldre hodyr 23 % og for dei 3 siste åra har eldre hodyr utgjort 22,1 % i gjsn. Eldre hanndyr utgjorde siste året 14 % og gjennomsnittet for dei 3 siste åra er 15,7 % så ein nærmar seg avskytingsmålet både for hann og hodyr.

Kjønnsfordeling i samla jaktuttak




Figur 4 viser fordeling av jaktuttaket på kjønn for alle årsklassar samla.

Fordelinga av jaktuttaket på kjønn har vore varierende, og frå ei overvekt av hanndyr i åra før 2023 er dette no snudd til ei overvekt av hodyr dei siste åra. Dette er i samsvar med målsetjinga om å betre kjønnsbalansen i populasjonen og få meir hanndyr i høve koller. Siste året utgjorde hanndyr 43 % og koller 57 % av det totale jaktuttaket og fordelinga dei 3 siste år har vore 46 % hanndyr og 54 % hodyr

Data frå Sett hjort registreringar:


Sett hjort per jegerdag:



Figur 5 viser Sett hjort pr jegerdag i utmark på venstre akse og tal felte hjort på høgre.




Trenden (stipla line) for Sett hjort per jegerdag er aukande for heile perioden trass i auka jaktuttak. Dette tyder at det lenge har vore god vekst i populasjonen og at jaktuttaket har vore mindre enn tilveksten.



Figur 6 syner indeksen for Sett hjort per jegerdag for 5 års perioden 2021 - 2025

For dei siste 5 åra er trenden for indeksen noko mindre aukande, men framleis ikkje noko tydeleg teikn til reduksjon. Bruk av termiske kikkertar for å lokalisere hjort har dei siste åra vorte meir og meir vanleg. Dette er med å effektiviserer jakta og gjer truleg at det vert observert fleire hjort enn utan slike hjelpemiddel. Kor utbreidd bruken av slike hjelpemiddel er varierer ein del. Vestland fylkeskommune har nyleg fått gjennomført ei undersøkning kring bruken av dette og føring av observasjonar. Resultat frå denne tyder at dette etter kvart er vanleg i mange jaktlag og at det vert observert og registrert fleire hjort enn utan slike hjelpemiddel. Dette påverkar indeksen for Sett hjort per jegerdag så sjølv om denne framleis syner ein svakt aukande tendens kan det vere at populasjonen er i reduksjon.

Sett kolle per bukk:




Figur 7: viser indeksen for Sett kolle pr bukk for 5 års perioden 2021 – 2025.



Trass i at jaktuttaket dei seinare åra har hatt ei overvekt av hodyr er trenden for Indeksen i perioden aukande. Den er tydeleg ned siste året noko som kan tyde at det skjer ei betring i kjønnsbalansen i samsvar med målet. Grunna årlege variasjonar knytt til observasjonstilhøve vil indeksane kunne variere noko mellom år utan at det skuldast populasjonsmessige endringar. Ein skal difor vere varsam med å trekkje konklusjonar utifrå endringar frå eitt år til anna. Utifrå avskytinga dei siste åra med ei overvekt av hodyr skulle ein forvente at indeksen ville minke. Om ikkje så må det vere andre tilhøve som t.d. at populasjonen i kommunen er påverka av avskytinga i tilgrensande område som påverkar. Målet er at indeksen skal vere under 1,5 så ein er eit godt stykke frå dette enno med 1,81 i 2025.

Slaktevektar for kalvar og ungdyr




Figur 8: syner gjennomsnittlege slaktevektar for kalvar registrert i Samnanger

Det har vore registrert slaktevektar i kommunen sidan 2011. Det er einskilde år vektar frå få dyr som gjer at dei varierer ein del og at t.d. hokalvar har høgere vektar enn hannkalvar einskilde år. Trenden (prikk liner) for slaktevektene er minkande både for kalvar og ungdyr.



Oppsummering – status for populasjonsutviklinga



Figur 9 syner kor mange dyr av ulike kategoriar som årleg er felt i perioden på venstre akse og tal felte hjort totalt på høgre akse.

Det har lenge hatt god vekst i populasjonen og talet felte hjort har med litt årlege svingingar auka jamt gjennom heile perioden. Dei siste åra kan det utifrå indeksen for Sett hjort per jegerdag (figur 6) sjå ut til at veksten er redusert og at ein siste året har ein liten reduksjon av populasjon. For å oppnå ein reduksjon av noko betyding må ein oppretthalde eit uttak på nivå som dei siste åra vidare framover.

Som figur 9 syner så er hovudtyngda av auken i uttaket ein har hatt dei seinare åra gjort ved å ta ut fleire kalvar.

Det er ein liten auke av koller og fjorkoller medan tala for hanndyr vore rimeleg likt. Fordelinga av avskytinga har såleis vore positivt i høve å auke gjennomsnittsalderen til dyra i populasjonen og å betre kjønnsbalansen.

Indeksen for Sett kolle per bukk (Figur 7) har lenge vore aukande men siste året er den tydeleg redusert. Dette tyder at det i samsvar med målet vert fleire hanndyr i høve hodyr i bestanden. Dette samsvarar med avskytinga der ein dei siste åra har hatt ei god overvekt av hodyr i uttaket. Indeksen ligg framleis godt over målet om å få denne til 1,5 eller lågare. For å nå dette må ein vidare framover ha ei overvekt av hodyr på nivå med dei 2 siste åra.

For å snu den negative trenden i utviklinga av slaktevektene treng ein noko tid. Å redusere populasjonen, auke gjennomsnittsalderen og betre kjønnsbalansen slik ein har mål om er dei beste tiltaka for å kunne nå dette.

Magnus Frøyen
Norsk hjortesenter

